

[Namn]
[Adresse]
[Postnummer og stad]

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Separering av stikkledning for avløp [gnr], [bnr]

Vedtak om pålegg og fastsetjing av tvangsmulkt

Du har ikkje følgd pålegget frå forureiningsstyresmakta (kommunen) av [xx.xx.xxxx] om å separere avløpsleidningen din [og/eller den private felleisleidningen som eigedommen din er knytt til] innan [xx.xx.xxxx].

Du blir hermed pålagt tvangsmulkt [som eit eingongsbeløp på kr. xx xxx,- /dagmulkt på kr. xxx,- som vil gjelde frå same datoen [xx.xx.xxxx]/ kombinasjon], dersom kommunen ikkje har teke mot dokumentasjon på at avløpsleidningen er separert innan [xx.xx.xxxx], jf. forureiningslova § 73. [Sjå Klifs rettleiing TA-2758/2011 http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner/2011/Februar/Bruk_av_tvangsmulkt/]

Vi viser til vårt førehandsvarsel om tvangsmulkt av [xx.xx.xxxx] og vedtak av [xx.xx.xxxx] med følgjande innhald:

[X] kommune pålegg eigaren av gnr. [x], bnr. [x] å separere stikkleidningen for avløp på eigedommen, jf. forureiningslova § 22 andre leddet.

Fristen for å følgje pålegget er sett til [xx.xx.xxxx].

Vi kan ikkje sjå å ha teke mot tilbakemeldingsskjema som viser at avløpsleidningen er separert.

Dersom kommunen ikkje har teke mot dokumentasjon på at stikkleidningen for avløp er separert innan [xx.xx.xxxx], vedtek [X] kommune tvangsmulkt til staten [som eit eingongsbeløp på kr. xx xxx,- (t.d. 1/3 av separasjonskostnadene)/dagmulkt på kr. xxx,-/kombinasjon], jf. forureiningslova § 73.

Tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. tvangsfullbyrdelsesloven § 7-2, og kan krevjast inn av Statens innkrevjingsentral straks etter at fristen er overskriden.

Du har sjølv ansvaret for straks å melde frå til kommunen når heile eller delar av pålegget er følgd, for å unngå at tvangsmulka gjeld vidare/blir sett i verk. Kommunen vil kontrollere at pålegget er gjennomført straks etter at vi har teke mot denne meldinga.

Sjå vedlagde oversikt over retten du har til å klage på avgjerda, til å sjå saksdokumentata og å få rettleiing av kommunen.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon [sentralbord] eller du kan sende e-post til [postmottak@\[x\].kommune.no](mailto:postmottak@[x].kommune.no).

Med helsing

.....
(Namn)
Leiar

.....
(Namn)
Saksbehandlar

Vedlegg:

- Forurensningsloven §§ 22 og 73
- Informasjon om retten til klage, innsyn og rettleiing
- Forvaltningsloven §§ 11, 18 og 28-32